

INFORMASJON

Kommune / fylkestingsvalg 2023

Tid til det viktigaste

- Kvardagsliv med rom for gleder
- Noko å leve av og leve for
- Levande natur og kultur



Gunn-Marit Lygre
Ordfører kandidat
Tysvær KrF



Utvalde politiske saker

Ja til livet - heile livet

Respekt for det einkilde menneske sin verdi og kamp for den svakaste part sine rettar skal prege vår politikk. Verdigrunnlaget bygger på det kristne menneskesynet, forvaltaransvar og nestekjærleik.

Alle menneske er like mykje verd, og har ein unik verdi som ingen har rett til å krenke. Vern av mennesket frå unnfanging til naturleg død vil alltid stå sentralt i vår politikk.

Vi skal forvalte skaparverket, økonomiske, og menneskelege ressursar ansvarleg og med omsyn til kommande generasjonar.


Familie og oppvekst

Vi vil styrke familiane, ikkje styre dei; ved å sikre kontantstøtte for dei minste og fleksibelt barnehageopptak. Vi vil vidareutvikle eit fleksibelt kommunalt fritidskort som bygger opp under inkludering og fellesskap som vi veit er helsefremmande.

Vi vil ha meir lek og fysisk aktivitet i skulen for å fremme fysisk og psykisk helse. Rammer for skjermbruk og meir bøker.

Tidleg innsats av hjelpetenestene, med vekt på å lytte til barn og familiar sine behov, og gi hjelp og håp til dei som treng. Styrke inkludering og førebyggjande arbeid mot mobbing i barnehage, skule, skuleveg og fritid.

Barnehage og skulekvardag som gir glede, mot og lærdom. Ungdomsskulestruktur som i dag. Auke trafiktryggleik med gang- og sykkelveggar til alle skulane.



Aldersvennlig samfunn

Det handlar om å *leve heile livet*. Samfunnet må bli lagt til rette for den enkelte sitt behov for fellesskap, aktivitet og tryggleik, og legge til rette for at flest mogleg kan bidra med sine ressursar lengst mogleg. Aldri før har me hatt så mange spreke og ressurssterke pensjonistar som nå.

Vi vil utvikle pårørandestøtte og avlastning for eldre med omsorgsbehov. Legge til rette for utbygging av differensierte og trygge bustader, gjerne ved private ideelle initiativ, for å sikre mangfald i tilbud.



Helse

Trygg og god helsehjelp når ein treng det, med kraft til å bere dagens- og morgondagen sine behov for helsehjelp og tenester.

Fokus på forsvarlige og tilgjengelige helse- og omsorgstenester, brukar- og pårørandemedverknad, rekruttering av helsearbeidarar, god arbeidskvardag gjennom heile arbeidslivet. Betre vilkår for leing nær praksis, kompetansebygging, nye arbeids- og organisasjonsformer/ TØRN, samhandling med helseforetak, kommunen og andre.

Legge til rette for at ideelle- og private aktørar som ynskjer å spele på lag med det offentlege kan bidra i helse- og omsorgstenestene.

Frivillig arbeid

Utvikle frivilligsentralen, gi tilgang til eigna lokale og leggje til rette for frivillig arbeid som gir mening og meistring. Auke samarbeid med lag og organisasjonar på alle nivå. Hjelp til utviding av kjøkken i Aksdal kyrkje.

Sikre støtteordningane til frivillig arbeid utan å leggje føringar for mening og organisasjonsform.

Levekår

Leggje til rette for det menneskevennlege samfunnet. Vi treng noko å leve av, og noko å leve for! Ha «barnetråkk» som metode i planprosessar.

Alle har rett til ein verdig plass å bu. Vi vil tilretteleggje for bustader ut frå ulike behov, storleik, eige- og leigeforhold, gjerne med fellesrom der det er fleire bueningar saman.

Sikre gjestfridom, solidaritet og inkludering av flyktningar som har behov for ein kommune der dei kan bu og leve trygt og meningsfullt.

Saman med lag- og organisasjonar sikre allsidige kulturtilbod i heile kommunen. Kulturskuletilbod og utvikling av biblioteket som arena for fleire tenester.

Klima og miljø

Vern om Yrkjefjorden. Vern om sårbar natur ved å stoppe etablering av vindparker på land, og heller satse på utvikling av havvind.

Etablering av miljøpark med gjenvinning i Aksdal, og la Tysvær være Breeam-kommune.

Stimulera til meir bruk av fornybare energikjelder og støtte rask etablering av grøn energi i Gismarvik næringspark.

Sikre at vil leverer ein god kommune til neste generasjonar.

Attraktiv utvikling

KrF vil utvikle heile kommunen og byggje på dei lokale kvalitetane i dei ulike områda.

Leggje til rette for ei berekraftig og framtidretta bustadutvikling, der ein er open for nye og differensierte bustadformer. Aktive og inkluderande lokalsamfunn i alle deler av kommunen gir god ressursutnytting og velferd for innbyggjarane.


KrF vil arbeide for ein god regional utvikling i samarbeid med kommunar, næringsliv og sivilsamfunn.

Friluftsliv

Ta i bruk naturen til aktivitet og trivsel for alle aldrar, og sikre allemannsretten.

Sette Tysvær kommune på kartet for Vestkystparken, og bygge padlehuker på utvalte perler i skjærgarden, tilgjengelig for alle.

Gi støtte til opprusting og merking av turstiar og bevara villmark.



Næring

Verdiskapning blir bygd nedanfrå difor vil vi halde fram med å skape gode og forutsigbare rammer for lokalt næringsliv.

Jordvern er svært viktig for å halde oppe matproduksjonen nå og i framtida. Vi vil ha eit rasjonelt og attraktivt landbruk tilpassa staden der vi bur, med både store og små produsentar.

Vi vil og leggje til rette for gründermiljø.

Infrastruktur og samferdsel som legg til rette for eit godt bu- og arbeidsmarked i kommunen og på Haugalandet. Halde fram arbeidet for nytt vegkryss Frakkagjerd, for å utløyse bustadtomter og næringsutvikling.

Vår kristne kulturarv

Kristendemokratiet ser på ulikskap og mangfald som viktig, og arbeidar for eit livssynsåpent samfunn som tar menneske sine åndelige behov på alvor gjennom heile livet. Ytringsfridom og trusfridom er berande element.

Vi vil ta vare på den kristne kulturarven i samfunnet.

Vi vil ha samarbeid mellom kyrkje, barnehage og skule ved dei kristne høgtidene.

Møt våre listekandidater



Gunn-Marit Lygre
Ordførarkandidat
1967
Førre



Kristian Valle Høie
2. kandidat
1984
Tysværvalg



**Anna Henriette
Veim Eikje**
3. kandidat
1967
Eikje



**Mohammad Zaa
Mohammad**
4. kandidat
1968
Frakkagjerd



Elise Frønsdal Øien
5. kandidat
2001
Grinde



**Ingrid Hustoft
Landro**
6. kandidat
1977
Hinderåvåg



Georg Feed
7. kandidat
1978
Frakkagjerd



**Audhild Drivdal
Frøyland**
8. kandidat
1976
Skjoldastraumen



Erlend Stokka
9. kandidat
1982
Førre



**Jorunn Sande
Baustad**
10. kandidat
1972
Nedstrand




Øyvind Skogøy
11. kandidat
1964
Susort



Margaret Baustad
12. kandidat
1965
Grinde



**Elisabeth
Skjervheim Saxe**
13. kandidat
1984
Førre



Arne Baustad
14. kandidat
1991
Våg




**Torunn Hermansen
Askeland**
15. kandidat
1986
Førland



**Birgitte Askeland
Baustad**
16. kandidat
1977
Mjåsund



 www.facebook.com/tysvaerkrf

Les hele vårt program på www.krf.no/Tysvaer

